



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 23.02.2016  
**Tidspunkt:** 14:00 – 18:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

Anne Tandstad gjekk frå møtet etter PS 15/16, og deltok såleis ikkje i PS 16/16.

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Tone Ramsli	Rådmann – i PS 3/16, 4/16 og 5/16.
Magne Djuvik	Leiar for NAV- Samnanger – i PS 3/16.
Unni-Renate Moe	Rekneskapsrevisor Deloitte – i gheile møtet, unnateke PS 16/16.
Gunnar Husabø	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet, unnateke PS 16/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet.

Brigt Olav Gåsdal  
utvalgsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/16	Orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger - oppfølgingsarbeid		2015/135
PS 4/16	Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll		2014/226
PS 5/16	Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskap		2016/48
PS 6/16	Presentasjon av arbeid med interimrevisjon 2015 Samnanger kommune		2016/38
PS 7/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/131
PS 8/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/65
PS 9/16	Forslag til kurs i regi av Deloitte		2014/426
PS 10/16	Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune		2016/46
PS 11/16	Vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2016 for Samnanger kommune - Konsekvensar		2016/37
PS 12/16	Møteplan for kontrollutvalet i 2016		2016/14
PS 13/16	Referatsaker		
RS 1/16	Førebels rekneskap for kontroll og tilsyn for 2015 og budsjett for 2016		2016/37
RS 2/16	Klage, anke på vedtak i kontrollutvalsmøte 26.11.15		2015/39
RS 3/16	Svar til Jan Ove Haga på klage / anke		2015/39
RS 4/16	Samnanger kommune - rasfarleg mur ved kommunal vassleidning		2015/39
PS 14/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 15/16	Eventuelt		
PS 16/16	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Arbeidsmøte		2014/238

## **PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 2/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.11.15.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 25.11.15 vart samrøystes godkjent.

## **PS 3/16 Orienteringssak om tilsyn med NAV Samnanger - oppfølgingsarbeid**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjon om oppfølgingsarbeid etter tilsyn med NAV Samnanger til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Tone Ramsli orienterte om tilsynet som har vore. Nav-leiar Magne Djuvik var og tilstades og informerte. Fylkesmannen har sett ny frist til 30.04.16 for å endeleg retta opp avvika som er peika på etter tilsynet. Kontrollutvalet kom med spørsmål og kommentarar til orienteringa. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt kommunen sitt brev til Fylkesmannen, og svar tilbake om lukking av avvik.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjon om oppfølgingsarbeid etter tilsyn med NAV Samnanger til orientering. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt kommunen sitt brev til Fylkesmannen, og svar tilbake om lukking av avvik.

## **PS 4/16 Orienteringssak om oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll**

### **Forslag til vedtak**

Orienteringssaka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Tone Ramsli orienterte om arbeidet med oppfølging etter forvaltningsrevisjon vedr. internkontroll. Rådmann har utarbeida eit informasjonsnotat som skal leggast fram for kommunestyret til orientering nå på møte 03.03.16. Notatet viser at det er lagt opp til ein arbeidsplan der målet er å få på plass heile internkontrollsystemet i løpet av 2016. Arbeidsplanen er delt i to, med plan for første og andre halvår, samt kva verktøy ein skal ta i bruk. Arbeidsplanen viser og ansvarsdeling for arbeidet.

Det vart gjeve tilbakemelding om at dei tiltak som er skissert verkar bra for å følgja opp tilrådingar som er gjeve i rapporten. Det vart og peika på at det er viktig å få på plass ein heilskapleg internkontroll, og at prosess med å halda den oppdatert vil vera eit fortløpande og nyttig arbeid i kommunen. Kontrollutvalet ønskjer å få ei ny orientering om stoda for arbeidet. Dette bør ein be om til første møte i 2017.

Informasjonsnotatet frå rådmann til kommunestyret vil og bli sendt ut til kontrollutvalsmedlemmane saman med møteprotokollen etter dette møtet.

Vedtak i saka var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om ny orienteringssak i første møte i 2017.

## **PS 5/16 Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskap**

### **Forslag til vedtak**

Orienteringssaka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Tone Ramsli orienterte om arbeid med prosjektrekneskap. Det er utarbeida ein mal for byggerekneskap og denne vert nå brukt i prosjektet med bygging av sjukeheim. Kontrollutvalet kan få seg førelagt dokument med prosjektstyring og prosjektmanual når sjukeheims-prosjektet er meir i slutfasen. Det er tilsett eigen prosjektleiar som blandt anna følgjer opp endringsmeldingar. Det blir og gjeve statusrapportar undervegs.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og kom med kommentarar. Det er ønske om at kontrollutvalet får seg førelagt aktuell informasjon om det vidare arbeidet med prosjektrekneskapar og prosjektstyring. Det vart gjort samrøystes vedtak om å ta informasjonen i dette møtet til orientering.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## **PS 6/16 Presentasjon av arbeid med interimrevisjon 2015 Samnanger kommune**

### **Forslag til innstilling/vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2015 frå Deloitte til orientering.

### **Saksprotokoll i ontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Unni-Renate Moe frå Deloitte presenterte oppsummering av interimrevisjon. Kontrollutvalet kom med spørsmål og kommentarar. Det kom ikkje innspel til endringar i fokus-områder i revisjonsarbeidet. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2015 frå Deloitte til orientering.

## **PS 7/16 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming**

### **Forslag til vedtak**

1. Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Gunnar Husabø frå Deloitte presenterte prosjektplan og informerte om arbeid med overordna analyse og prosess med å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet kom med kommentarar og drøfta saka. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

## **PS 8/16 Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming**

### **Forslag til vedtak**

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet drøfta saka og konkluderte med at det vil bli same opplegg for denne delen av planarbeidet, som for arbeid med plan for forvaltningsrevisjon. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

## **PS 9/16 Forslag til kurs i regi av Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ....., tid:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet drøfta dei forslag til kurs som er lagt fram. Utvalet konkluderte med at kursa bør arrangerast i samband med møter i kontrollutvalet. Aktuelle tema er «Kommunerekneskap» og «Samfunnsansvar, korrupsjon og habilitet». Kursa skal leggast til dei siste møta i vårhalvåret, primært det siste møtet før sommarferien. Kurs bør takast i starten av møtet, og at møtet då startar kl. 13.00. Andre, som til dømes administrasjonen og sentrale politikarar bør og inviterast til å delta. Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan kommunerekneskap, samfunnsansvar, korrupsjon og habilitet.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kurset, ut frå dei signal som kontrollutvalet kom med i møtet, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

## **PS 10/16 Kontrollutvalet på heimesida til Samnanger kommune**

### **Forslag til innstilling/vedtak**

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Stabssjef Jan Erik Boge var med under handsaminga av saka. Informasjon om kontrollutvalet på heimesida vart gjennomgått. Kontrollutvalet drøfta dette og kom med innspel til kva informasjon som bør ligga her. Sekretariatet vert beden om å senda over aktuell informasjon til kommunen. Utvalet ønskjer å følgja med i vidare arbeid med å utvikla heimesida når det gjeld informasjon om kontroll og tilsyn. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at det vert arbeida vidare med å leggja inn informasjon om kontrollutvalet på heimesida til kommunen. Sekretariatet sender over aktuell informasjon til kommunen.

## **PS 11/16 Vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2016 for Samnanger kommune - Konsekvensar**

### **Forslag til vedtak**

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk postane i budsjettet som er vedteke for kontrollutvalet for 2016, og samanlikna dei med forslaget til budsjett som kontrollutvalet hadde sett fram. Det vart reist spørsmål om kven som har utarbeida fordeling av postar som nå er vedteke, om det er rådmann eller formannskapet. Det vart peika på at kommunestyret ikkje hadde fått teke stilling til prioritering og endring av postar i kontrollutvalet sitt budsjett, då budsjettsaka vart handsama 17.12.15. Kontrollutvalet vil ta dette opp, og be om at kommunestyret vedtek i eige punkt kva ramme kontrollutvalet skal ha i framtidige budsjett-saker.

Det er skore ned på postar som inneber at det vert vanskar for kontrollutvalet å gjennomføra oppgåver som er lovpålagde, og som kontrollutvalet har vedteke skal gjennomførast i 2016. Dette gjeld:

- Planarbeid i 2016 – det er lovpålagt at dette skal gjennomførast første året i ny valgperiode. Kostnad med dette er sett opp i kontrollutvalet sitt forslag med kr 144.921. I vedteke budsjett er dette stroke.
- Arbeid med konkurranseutsetting av revisjon er og sett til kr. 0,-. Her har kontrollutvalet fått i oppdrag av kommunestyret å gjennomføra dette arbeidet. Utvalet har deretter gjort vedtak om å be sekretariatet om å utføra konkurransen og evaluering av innkomne tilbod. Dette arbeidet er ein nå i gang med. Utvalet har i sitt budsjettforslag kalkulert med at dette vil kosta kr 33.800,-.

Kontrollutvalet konkluderte med at konsekvens av at kontrollutvalet sitt budsjett er vedteke slik det nå ligg føre, må vera at det vert førebudd sak til neste møte i kontrollutvalet. Saka skal leggja opp til å søkja kommunestyret om ekstraløyving. Søkna den skal grunngjevast ut frå dei signal som kom fram i møtet. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu sak til neste møte ut frå dei signal som er kome fram i møtet.

## PS 12/16 Møteplan for kontrollutvalet i 2016

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2016:

Dato:	Merknad:
23.02.2016	Under avvikling
20.04.2016	
14.06.2016	
14.09.2016	
15.11.2016	

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016

#### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta framlegg til møteplan, og nokre av møtedatoane vart endra. Sekretariatet syter for å melda frå til kommunen om endringane slik at dei kjem med i kommunen sin møteplan. Vedtak i saka var samrøystes.

#### Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2016:

- 23.02.16 (nåverande møte)
- 19.04.16
- 15.06.16 – kl.13.00
- 15.09.16
- 15.11.16

## PS 13/16 Referatsaker

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016

#### Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

## PS 14/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016

#### Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar frå andre politiske utval vart gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **PS 15/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet vil at det, for seinare møter, vert sett opp eit punkt her med «Utvalet sitt kvarter.»

#### **Vedtak:**

Punkt med «Utvalet sitt kvarter» vert sett opp under dette punktet i seinare innkallingar til møter.

## **PS 16/16 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Arbeidsmøte**

### **Forslag til vedtak**

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 23.02.2016**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet hadde arbeidsmøte og fekk informasjon om dei tilboda som er kome inn, og om sekretariatet sitt arbeid med evaluering av tilboda. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Informasjonen vart teke til orientering.